

DERES REF:PLANID20140005 | VÅR REF:613010
DOKUMENTKODE: 613010-PLAN-Varsel reguleringsendring
TILGJENGELIGHET: Åpen

Voss, 12. februar 2020


VARSEL OM MINDRE REGULERINGSENDRING Detaljreguleringsplan for Lofthus sentrum, PlanID20140005

På vegne av Ullensvang kommune, vert de i medhald av plan- og bygningslova §§12-8 og 12-14 varsle om mindre reguleringsendring for Lofthus sentrum.

Formålet med reguleringsendringa er endre reguleringsplankart og føresegner i samsvar med vedtak HST 69/2018, og å justere plankartet i samsvar med utfylte areal i sentrum. Plankart og føresegner vart kunnngjort utan at dei vedtekne endringane var utført.

Plangrense for reguleringsendringa er lik plangrensa til gjeldande reguleringsplan. Endra reguleringsplankart vil erstatte gjeldande reguleringsplankart.

Forslagsstillar er Ullensvang kommune og utførande konsulent er Multiconsult Norge AS.



Bakgrunn for reguleringsendringa

Reguleringsplanen for Lofthus sentrum vart vedteken den 24.09.2018 i sak HST 69/2018. Med vedtaket var det to punkter om endringar som er knytt til plassering av flytebrygger og bølgebrytar for småbåthamna og ferdselsareal til og frå småbåthamn samt moglegheiter for private flytebrygger til eksisterande private eigedommar.

I heradsstyret vart det i sak HST 69/2018 gjort fylgjande vedtak:

Endring i plankart

Skiljelinja mellom VS1 og VS2 må justerast med eit knekk på midten (plankart) avstand frå land og ut til formålsgrensa må minst vera 50 m.

Endring i føresegn 4.2.2.


I område VS2 er det høve for oppsitarane å setje ut blåse til båtfeste på 15 m frå land, men ikkje nærmare enn 20 m frå VS1./VS2. grensa.

Det har i ettertid av vore møter mellom Ullensvang kommune og småbåteigarlaget. I sak HST 21/2019 vart det handsama avtale mellom kommunen og båteigarlaget, Lofthus sentrum – båthamn.

Saka dreia seg om ein ekstra bølgebrytar til båthamna på Lofthus, for auka tryggleik for båtar i hamna særleg ved sterk vind. Avtale mellom Ullensvang kommune og Lofthus båtlag sikra at båthamna skal ha ein avstand på minimum 50 meter til land.

Reguleringsendringa:

Reguleringsendringa knytter seg i hovudsak til endring av plankartet i forhold til småbåthamna og justeringar av formålsgrenser i forhold til utfylt areal i sentrum.



Figur 3, Illustrasjon som viser nye formålslinjer (blå linjer) på vedtatt reguleringsplankart

Endring knytt til pkt. **a** medfører endring i plankart og i føresegn (§4.2.2). Endringar knytt til pkt. **b** til og med pkt. **e**, medfører berre justering av formålslinjer i plankartet.

Endring i føresegn er vist med raud tekst.

Viser til vedlagte notat for ein meir utfyllande omtale av dei enkelte endringar i plankart og føresegn.

For nærare omtale av reguleringsplan for Lofthus sentrum, vert det vist til Ullensvang herad si nettside: <https://www.ullensvang.herad.no/index.php/nn/22-nyhende/660-vedtak-av-reguleringsplan-for-lofthus-sentrum-royse?highlight=WyJsb2Z0aHVzliwic2VudHJ1bSlslmxvZnRodXMgc2VudHJ1bSJd>

Planomtale til reguleringsplan for Lofthus sentrum vil vera gjeldande også for endra reguleringsplan.

Merknader til planarbeidet

Frist for uttale til planarbeidet er set til 13.03. 2020

Merknader og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

Multiconsult:

v/Toril Amundsen

Nesttunbrekka 99

5221 Nesttun

Eller e-post: toril.amundsen@multiconsult.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader og innspel til Ullensvang kommune, dette vil Multiconsult ivareta. Alle aktuelle offentlege instansar, grunneigarar og naboar vert varsla med dette brevet. Oppstart vert også varsla i avisa Hardanger folkeblad. Alle plandokument vert lagt ut på Multiconsult si nettside her:

<https://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer/>

og Ullensvang kommune si nettside her: <https://www.ullensvang.kommune.no>

Spørsmål knytt til planarbeidet kan rettast til:

June Kvandal, Ullensvang kommune, tlf. 975 58 600

Toril Amundsen, Multiconsult, tlf. 55 62 33 75

Vidare planprosess

Etter at fristen for merknader er gått ut, vert eventuelle merknadane oppsummert og kommentert. Etter merknadsgjennomgang vert vidare planprosess avklart. Planendringa vert endeleg handsama av kommunen, om det ikkje er vesentlege merknader til planendringa.

Med venleg helsing

Multiconsult

Toril Amundsen
Arealplanlegger

Vedlegg:

- Notat Lofthus reguleringsendring, datert 12.02.2020
- Føresegner – revidert med endring, datert 16.12.2018
- Plankart R03, revidert med reguleringsendringa, datert 16.12.2019
- Plankart med illustrasjon av 15 meter sone langs land, datert 16.12.2019
- Plankart med utvidet bakgrunnskart, datert 16.12.2019
- Illustrasjon av småbåthamn Lofthus sentrum, datert 13.12.2019
- Varslingsliste til mindre reguleringsendring